

Del 2

REVIDERT REGLEMENT FOR SAMARBEIDSUTVAL (juni 2013)

1. GENERELT

Møre og Romsdal fylkeskommune har

- a. eit sentralt, sektorovergripande samarbeidsutval (HSAMU)
- b. eit samarbeidsutval for tannhelsesektoren i
- c. eit samarbeidsutval for sentraladministrasjonen
- d. lokale arbeidsmiljøutval på dei vidaregåande skolane

Samarbeidsutvala dekkjer på kvart sitt nivå funksjonen som samarbeidsutval og arbeidsmiljøutval, jf HA §§ 1,3 og 4 og aml § 7 og HA § 6.

For dei vidaregåande skolane er eit arbeidsmiljøutval på kvar skule som har meir enn 20 tilsette.

Informasjon- og drøftingssaker skjer på skolane i eigne Orienterings- og drøftingsmøte (OD-møte)

2. MÅL FOR SAMARBEIDSUTVALET

Samarbeid, *medråderett* og medansvar skal sikre målretta styring av ressursane og eit godt arbeidsmiljø.

Det blir elles vist til mål og intensjonar i lov- og avtaleverket, og i dokumentet ”Arbeidsgivarpolitikk for framtida”

3. SAMANSETJING

3.1 Hovudsamarbeidsutvalet

HSAMU har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

- Arbeidsgjevarsida: Fylkesrådmannen (med ass. fylkesrådmann som varamedlem)

Fylkesrådmannen utpeikar dei andre 4 medlemene med varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

- Arbeidstakarsida: Fylkeshovudverneombodet (med 1 vararepr. frå vernetenesta)

4 representantar for dei tilsette m/varamedl. Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet å leggje til grunn, jf HA.

Hovudsamanslutning som eventuelt ikkje blir representert i utvalet kan delta som observatør med møte- og talerett.

3.2 Samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta

Samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta har 6 medlemmer og skal vere slik samansett::

- Arbeidsgjevarsida: Fylkestannlegen (med administrasjonssjef som varamedlem)

Fylkestannlegen utpeikar dei 2 andre medlemane med varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

- Arbeidstakarsida: 1 verneombod (1 vararepr. for verneombodet)

2 representant for dei tilsette m/varamedlem.

3.3 Samarbeidsutvalet for sentraladministrasjonen

Samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

- Arbeidsgjevarsida: Fylkesrådmannen utpeikar 5 medlemmer med varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

- Arbeidstakarsida: Hovudverneombodet for sentraladm (1 vararepr. for verneombodet)

4 representantar for dei tilsette m/varamedlem.

4. SAKSOMRÅDE/OPPGÅVER

4.1 Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

Etter Hovudavtalen del B §4 skal samarbeidsutvala foreslå og behandla:

- overordna retningslinjer for personalpolitikken, herunder likestilling og inkluderande arbeidsliv.

Etter HA §§ 3 og 4 skal samarbeidsutvala drøfte m.a.

- kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak
- oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer
- resultat frå KS sine kontaktar med statlege myndigheter

Samarbeidsutvalet sine oppgåver innan arbeidsmiljøet er vidare spesifisert i arbeidsmiljølova § 7-2.

Sektorretta eller lokale retningslinjer m.v. kan ikkje vere i strid med overordna retningslinjer fastsett av fylkesutval eller fylkesting, eller av fylkesrådmannen etter delegert fullmakt.

5. MØTE OG SEKRETARIAT

Administrasjonen har sekretariatsansvar for utvalet og førebur saker skriftleg med framlegg til vedtak. Sekretariatet samordnar og førebur utvalet sine møte.

I arbeidsmiljøsaker skjer saksbehandlinga med heimel i AML.

Utvalet skal ha møte når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det. I arbeidsmiljøsaker skal utvalet også ha møte når minst to av medlemene krev det. Det skal setjast opp møteplan for eit halvt eller eit heilt år om gongen.

Utvalet blir innkalla med ein frist på minst 5 dagar. Innkallinga vedlagt saksdokument skal sendast medlemmer og varamedlemmer.

Andre fylkeskommunale tenestemenn og sakkunnige kan og innkallast til møta når utvalet, leiaren, eller administrasjonen ønskjer det.

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene og

varamedlemene. Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i utvalet.

Utvalet tek avgjerd i møtet og er vedtaksført når minst halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades.

Utvalet tek avgjerd med vanleg fleirtal. I fall det blir røystelikskep gjer leiaren/møteleiaren si røyst utslaget.

Hastesaker kan behandlast i fjernmøte etter reglane i kommunelova § 30 nr. 2.

Vedtaka fatta i utvalet er offentlege, med mindre anna følgjer av lov og forskrift.

Elles gjeld saksbehandlingsreglane i kommunelova så langt dei passar.

6. ANKE

Dersom eit mindretal av medlemene krev det, kan eit vedtak i

- Hovudsamarbeidsutvalet leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd,
- Samarbeidsutvalet for driftseininga leggjast fram for hovudsamarbeidsutvalet til avgjerd, så langt lov ikkje er til hinder for det.

Slikt krav om mindretalsanke må setjast fram før møtet er avslutta og skal protokollerast.

Vedlegg til del- 2: Reglementet frå 2001

REGLEMENT FOR SAMARBEIDSUTVAL

1. GENERELT

Møre og Romsdal fylkeskommune har

- eit sentralt, sektorovergripande samarbeidsutval (HSAMU)
- eit samarbeidsutval for kvar helse- og sosialinstitusjon
- eit samarbeidsutval for tannhelsesektoren i 2002, frå 2003 går dette ut og det blir eit samarbeidsutval for kvart tannhersedistrikt

Samarbeidsutvala dekkjer på kvart sitt nivå funksjonen som

- samarbeidsutval og arbeidsmiljøutval , jfr. Hovudavtalen for kommunal sektor og Arbeidsmiljølova
- administrasjonsutval, jfr. Hovudavtalen for kommunal sektor

For vidaregåande skoler er det eit arbeidsmiljøutval på kvar skole som har meir enn 20 tilsette.

2. MÅL FOR SAMARBEIDSUTVALET

Samarbeid, *medråderett* og medansvar skal sikre målretta styring av ressursane og eit godt arbeidsmiljø.

Det blir elles vist til mål og intensjonar i lov- og avtaleverket, og i ”Mål, prinsipp og retningslinjer for personalpolitikken i Møre og Romsdal fylkeskommune”.

3. SAMANSETJING

3.1 Hovudsamarbeidsutvalet

HSAMU har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

- Arbeidsgjevarsida: Fylkesrådmannen (med ass. fylkesrådmann som varamedlem)
Fylkesrådmannen utpeikar dei andre 4 medlemene med varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.
- Arbeidstakarsida: Fylkeshovudverneombodet (med 1 vararepr. frå vernetenesta)
4 representantar for dei tilsette m/varamedl. Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å leggje til grunn, jf HA.

3.2 Samarbeidsutval ved helse- og sosialinstitusjonar

Samarbeidsutvalet v/kvar helse- og sosialinstitusjon har 4 medlemmer og skal vere slik samansett:

- Arbeidsgjevarsida: Leiar for institusjonen

Leiar for institusjonen utpeikar varamedlem for seg sjølv og den andre medlemen m/varamedlem i utvalet.

- Arbeidstakarsida: 1 verneombod (1 vararepr. for verneombodet)

1 representant for dei tilsette m/varamedlem.

3.3 Samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta i 2002

Samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta har 6 medlemmer og skal vere slik samansett::

- Arbeidsgjevarsida: Fylkestannlegen (med ass. Fylkestannlege som varamedlem)

Fylkestannlegen utpeikar dei 2 andre medlemane med varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

- Arbeidstakarsida: 1 verneombod (1 vararepr. for verneombodet)

2 representant for dei tilsette m/varamedlem.

Samarbeidsutval ved tannhelsedistrikt frå 2003

Samarbeidsutvalet v/kvart tannhelsedistrikt har 4 medlemmer og skal vere slik samansett:

- Arbeidsgjevarsida: Overtannlegen

Overtannlegen utpeikar varamedlem for seg sjølv og den andre medlemen m/varamedlem i utvalet.

- Arbeidstakarsida: 1 verneombod (1 vararepr. for verneombodet)

1 representant for dei tilsette m/varamedlem.

Representantane i utvala blir valde/utpeika for 2 år om gongen.

Leiar blir valt vekselvis blant arbeidsgjevar og representantar for dei tilsette for 1 år om gongen, jf. HA § 14-7.

Dersom ein representant går ut av utvalet i perioden skal ny representant veljast/utpeikast av den organisasjonen som vedkomande representerer.

4. SAKSOMRÅDE/OPPGÅVER

4.1 Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

Samarbeidsutvalet er kombinert samarbeids- og arbeidsmiljøutval, og har etter hovudavtalen § 14 mellom anna:

vedtaksrett innanfor ramma av vedteke budsjett i saker som gjeld m.a:

- intern informasjon
- velferdstiltak/fordeling av velferdsmidlar
- rehabilitering av alkohol- og narkotikamisbrukarar (AKAN)
- intern attføring
- utarbeide planar/retningslinjer for opplæringstiltak
- utarbeide retningslinjer for introduksjon av nyttilsette

uttalerett i saker som gjeld:

- endring i bemanning og/eller organisering av verksemda
- års- og langtidsbudsjett, samt andre langtidspanar av betydning for området
- omdisponering av lokale
- innføring eller vesentleg endring av datasystem
- avsetjing av midlar til opplæring på års- og langtidsbudsjett

Samarbeidsutvalet sine oppgåver etter arbeidsmiljølova § 24 mellom anna:

- arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø som ivaretek arbeidstakarane si helse, tryggleik og velferd
- utvalet skal behandle saker vedkomande bedriftshelseteneste, intern verneteneste, opplæring og instruksjon som har betydning for arbeidsmiljøet
- planar som får vesentleg betydning for arbeidsmiljøet
- gå gjennom rapportar om arbeidsmiljøet, arbeidsulykker o.l.

vedtaksrett for samarbeidsutvalet som arbeidsmiljøutval er uttømande regulert i arbeidsmiljølova § 24 nr.3 og nr.4.

Samarbeidsutvalet er administrasjonsutval, og skal etter hovudavtalen for kommunal sektor § 13-1:

- behandle og foreslå retningslinjer for fylkeskommunen sin personalpolitikk, herunder bl.a. utviklings- og omstillingsprosessar, utarbeiding av personalpolitiske retningslinjer, reglement, instruksar og rutinar.

Sektorretta eller lokale retningslinjer m.v. kan ikkje vere i strid med overordna retningslinjer fastsett av fylkesutval eller fylkesting, eller av fylkesrådmannen etter delegert fullmakt.

5. MØTE OG SEKRETARIAT

Administrasjonen har sekretariatsansvar for utvalet og førebur saker skriftleg med framlegg til vedtak. Sekretariatet samordnar og førebur utvalet sine møte.

I arbeidsmiljøsaker skjer saksbehandlinga med heimel i AML.

Utvalet skal ha møte når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det. I arbeidsmiljøsaker skal utvalet også ha møte når minst to av medlemene krev det, jfr. AML. Det skal setjast opp møteplan for eit halvt eller eit heilt år om gongen.

Utvalet blir innkalla med ein frist på minst 5 dagar. Innkallinga vedlagt saksdokument skal sendast medlemmer og varamedlemmer.

Andre fylkeskommunale tenestemenn og sakkunnige kan og innkallast til møta når utvalet, leiaren, eller administrasjonen ønskjer det.

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene og varamedlemene. Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i utvalet.

Utvalet tek avgjerd i møtet og er vedtaksført når minst halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades.

Utvalet tek avgjerd med vanleg fleirtal. I fall det blir røysteliskap gjer leiaren/møteleiaren si røyst utslaget.

Hastesaker kan behandlast i fjernmøte etter reglane i koml. § 30 nr. 2.

Vedtaka fatta i utvalet er offentlege, med mindre anna følgjer av lov og forskrift.

Elles gjeld saksbehandlingsreglane i kommunelova så langt dei passar.

6. ANKE

Dersom eit mindretal av medlemene krev det, kan eit vedtak i

- Hovudsamarbeidsutvalet leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd,
- Samarbeidsutvalet for driftseininga (i 2002 samarbeidsutvalet for tannhelsetenesta) leggjast fram for hovudsamarbeidsutvalet til avgjerd,

så langt lov ikkje er til hinder for det.

Slikt krav om mindretalsanke må setjast fram før møtet er avslutta og skal protokollerast.